



Årsmelding for 2024

1. Styret

Dette styret vart valt på årsmøtet 18.02.2024. Styret konstituerte seg på styremøtet 26.02.2024.

| | |
|--|---|
| Sigrid Espeland Lerbak, leiar (valt for eitt år) | Varamedlemer: |
| Harry Solberg, nestleiar (attvald for 2 år) | 1. Knut O. Dale (attvald for eitt år) |
| Harald Jordal, skrivar (ikkje på val) | 2. Håkon Widding (valt for eitt år) |
| Ragnhild Helle, kasserar (ikkje på val) | 3. Kristin Walle (valt for eitt år) |
| Solveig Grønlien (attvald for 2 år) | Valnemnd: Siri Jordal (leiar), Stine K. Haugland og Øystein Kambestad Revisor: Dagmar Lien Isdal. |

I 2024 hadde styret 8 møte.

2. Medlemstalet

Medlemstalet i 2024 var på 145 mot 142 året før. Likevel har vi tolv nye namn på medlemslista.

3. Aktuelt i 2024

I kommunestyret 13. mars vart det vedteke nynorsk som hovudmål på alle skulane i kommunen med unntak av Tyssedal barneskole.

Som følgje av den nye opplæringslova som vart vedteken i Stortinget 2. juni 2023, der Oddamodellen, språkdelt opplæring i alle fag, vart lovfesta for heile grunnskulen, starta åttandeklassingane ved Odda ungdomsskole i språkdelt klassar hausten 2024. Det vart tre nynorskklassar og ein bokmålsklasse.

Solveig Grønlien har også i år vore styremedlem i Hordaland Mållag.

4. Tilskipingar

a. Elias Blix tilskiping med Soknerådet 10. april i kyrkja

Tilskipinga vart planlagt og gjennomført i regi av soknerådet. Odda Mållag støtta økonomisk.

b. Salsbu på Røldalsmarknaden 21.-23. juni

Solveig Grønlien og familien Grønlien Wik representerte Odda Mållag med salsbu.

c. Tur til Vallavik og Ulvik 25. august

Odda Mållag inviterte til busstur til Vallavik og Ulvik. Deltakarane fekk sjå Wallevik-utstillinga, der barnebarnet til fotografen Anders P. Wallevik, Paul Wallevik, viste bilete som bestefaren hadde tatt og fortalte historier om garden og folket der. Turen gjekk vidare til Olav H. Hauge-senteret, der Jorid Lekve Eide orienterte om senteret, og Reidun og Oddmund Wallevik heldt foredrag. Reidun delte erfaringar om nynorsk, medan Oddmund snakka om industriutvikling. Turen avslutta på Lekve gard med eit godt måltid der Nils Lekve fortalde om det han har fått til på garden og Hardanger Saft og Siderfabrikk. Totalt deltok 34 personar på den vellukka turen.



d. Jon Fosse tilskipping med Soknerådet 14. november

Prest Roar Strømme heldt eit framifrå foredrag om Jon Fosse med fokus på dei religiøse tekstane hans.

e. Salsbu på Sørfjordsenteret

Etter lanseringa av Odda i manns minne har Odda Mållag v/Solveig Grønlien vore representert på salsbu på Sørfjordsenteret fredagar og laurdagar heilt fram til jul.

f. Jolatorget pao Nao 1. desember

Solveig Grønlien og Harald Jordal hadde salsbu på jolatorget i år.

g. Kulturkvelden med lansering av Odda i manns minne 17. november

Den viktigaste programposten denne kvelden, var presentasjon av Odda i manns minne. Harry Solberg, som har vore både nav og dynamo i alle utgjevingar, fortalde kortfatta om prosjektet. Dette er den 33. utgjevinga. Dei som har ytt bidrag til boka, fekk eit eksemplar kvar. Tale Hauso vart overrekk målprisen for 2023. Ungdomslaget selde mat og kaffi, elles var det allsong, loddsal, tippetevling og lun stemning. Vidar Børve og Håkon Widding stod for musikken.

Vel 50 frammøtte.

h. Skulemålsarbeid

- i. Den 18. juni var Sahra Torsvik frå Hordaland Mållag og Sigrid E. Lerbak frå Odda mållag på besøk i Eidesåsen BHG, Rabben BHG, Hestavoll BHG
- ii. Møte med rektor Erlend Nævdal Bolstad v/Odda barneskole, leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge, Harald Jordal og Knut O. Dale 7. november.
- iii. Møte med rektor Sven Olaf Brekke v/Odda ungdomsskole, leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge, Harald Jordal og Knut O. Dale 7. november.
- iv. Peder Lofnes Hauge deltok på styremøte med Odda Mållag i etterkant av møta med skulane.

5. Lysingar

- a. Årsmøte 2024
- b. Oppmoding til å senda inn stoff til Odda i manns minne
- c. Elias Blix
- d. Turen til Ulvik
- e. Jon Fosse-kvelden
- f. Kulturkvelden med lansering av Odda i manns minne.
- g. Julehelsing i Radio Folgefonn

6. Deltakarar frå Odda Mållag på ulike møte

- a. Årsmøte i Hordaland Mållag 2.-3. mars
Sigrid E. Lerbak, Knut O. Dale og Toralv Mikkelsen representerte Odda Mållag på årsmøtet på Lofthus. Solveig Grønlien deltok også, men som representant frå Hordaland Mållag.
- b. Formøte før landsmøte 4. april
Heile styret deltok på formøte før landsmøte digitalt.
- c. Landsmøte i Trondheim 19.-21. april
Sigrid E. Lerbak, Harald Jordal, Knut O. Dale og Ragnhild Helle (observatør) representerte Odda Mållag på årsmøtet. Solveig Grønlien deltok også, men som representant frå Hordaland Mållag.
- d. Seminar for lokallag i Hordaland Mållag 2. november, Bergen
Solveig deltok.



7. Odda i manns minne nr. 33

Opplaget var i år på 850 eksemplar (100 færre enn året før). I skriftstyret sit Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. 17 bidragsytarar har delt minna sine. Solveig Grønlien og Sigrid E. Lerbak har administrert salet. Årets utgåve er like allsidig og like stor som i fjor. Prisen vert også lik som førre utgåve.

8. Gåver, tilskot og andre påskjøningar

- a. Årsmøtet tildelte målprisen for 2023 til Tale Hauso. Grunngevinga ligg på www.oddamallag.no.
- b. Nynorskprisen for stø og sikker bruk av nynorsk i alle fag vart tildelt Marie Mårstig Ravnøy. Ho fekk diplom, kr 2 500,- og tilbod om medlemskap i Norsk Målungdom ut 2025. Vinnaren av Opedalprisen Oda Førde Nå fekk medlemskap i Norsk Målungdom ut 2025.
- c. Røldal skule, Skare barneskule og Odda barneskole har fått klassesett av Norsk barneblad
- d. Gåveabonnement på Norsk barneblad til Odda legesenter og Odda tanntannklinik
- e. Gåveabonnement på Dag og Tid til Odda sjukehus
- f. Vener av Dag og Tid vart tildelt to gonger kr 500,-
- g. Medlemskap i Kraftmuseets vener
- h. Medlemskap i Radio Folgefonn
- i. Medlemskap i Kringkastingsringen
- j. Nokre utgåver eldre Odda i Manns minne til høgtlesing på Utneheimen.
- k. Nynorske barnebøker til høgtlesing til dei barnehagane vi vitja med Sahra Torsvik.

9. Økonomi

Kontingenten i 2024 var på kr 370,- for ordinær medlem og kr 180,- for husstandsmedlem. Odda Mållag har ikkje lokalsats, det betyr at alt det medlemmene betaler inn går til Hordaland Mållag og Noregs Mållag.

Rekneskapan vert lagd fram på årsmøtet. Økonomien til Odda Mållag er god.

Rekneskapan er ført av Ragnhild Helle og Sigrid E. Lerbak med god hjelp frå revisor Dagmar Lien Isdal.

10. Nynorskprosenten i Odda-skulane

I skuleåret 2024/25 har 71 % av elevane i «gamle» Odda kommune nynorsk som hovudmål. Dette er fire prosent auke frå året før. Totalt i Ullensvang har 83 % nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Tala er henta frå GSI (Grunnskolenes informasjonstjeneste) pr. januar 2025.

I tredjeklasse ved Odda barneskole er det ikkje oppretta eigen bokmålsklasse. Dei sju bokmålslevane går saman med nynorskelevar, men har bøkene sine på bokmål.

I første trinnet er det berre nynorskelevar dette året på barneskulen i Odda. Det er eit viktig signal og vonleg eit gjennombrudd med tanke på komande år.